



Line og Anders Heimvik  
Signalveien 10  
1597 MOSS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2347 - 18/23342

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
26.07.2018

## Ferdigattest tilbygg fritidsbustad - gbnr 226/2 Padøy

### Administrativt vedtak. Saknr: 387/18

**Tiltakshavar:** Line og Anders Heimvik  
**Ansvarleg søkjar:** Byggmester Møen & Saue AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 14.10.2016. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 05.07.2018.

### Skildring

Adresse:	Storholmen
Bygningstiltak:	Våningshus nytta som fritidsbustad
Bygningsnummer:	176312041-1
Bruksareal/bygd areal:	20,8m <sup>2</sup> BRA(tilbygg) og 11m <sup>2</sup> BYA(terrasse i forlenging av trapp) og takoverbygg.

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for oppføring av nytt tilbygg og takopplett samt etablering av terrasse og takoverbygg ved inngangsparti på gbnr 226/2. Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.



**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/2347

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Bygningsvernssenteret Voss/Hardanger	Magasinvegen 26	5705	VOSS
---	-----------------	------	------

**Mottakarar:**

Byggmester Møen & Saue AS	Hardangervegen 538	5709	VOSS
Line og Anders Heimvik	Signalveien 10	1597	MOSS